



Arkivsaknr: 2025/4635-1
Sakshandsamar: Irene Hystad Hugaas
Avdeling: Skule

SAKSFRAMLEGG

Tilstandsrapport for skulane i Alver 2024

Utvalssak	Utval	Møtedato
	Ungdomsråd	05.05.2025
	Utval for levkår	06.05.2025
	Kommunestyret	22.05.2025

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Tilstandsrapport for grunnskulen i Alver kommune 2024 er tatt til orientering.

Politisk handsaming

Saka skal til uttale i ungdomsråd

Saka skal til innstilling i utval for oppvekst, kunnskap og kultur, formannskap

Saka skal avgjerast i kommunestyre

Saka gjeld

Tilstandsrapport for 2024 for grunnskulane i Alver kommune er ein årleg rapport om tilstand og status for arbeidet i skulane. Denne tilstandsrapporten for 2024 gir eit bilete av situasjonen i skulane i Alver, både det vi er nøgde med og det vi vil forbetre og utvikle. Skuleeigar har vurdert og analysert tilstanden i opplæringa på områda læringsmiljø, elevresultat og grad av gjennomføring eller fråfall, og peikar på nokre utfordringsbilete. Vi arbeider for likeverdige tilbod og felles retningslinjer for skulane i Alver. Rapporten gir difor eit oversiktsbilete heller enn detaljkunnskap om kvar skule.

Saksopplysningar

Bakgrunn

Den årlege tilstandsrapporten i Alver inngår som ein del av det ordinære plan, - budsjett, - og rapporteringsarbeidet hos skuleeigar, og har kvalitetsutvikling som siktemål.

Kvalitetsvurderinga inneber å samanstille informasjon og data som grunnlag for drøfting av kvaliteten på opplæringa. Dialogen om kva som er god kvalitet står sentralt. Målet er kvalitetsutvikling og læring.

« Kommunestyret skal minst ein gong i året få informasjon om læringsmiljøet, læringsresultata og gjennomføringa til elevane i opplæringa.» (Opplæringslova § 17-12)

Vurderingsgrunnlag

- Opplæringslova §17-12
- Kommunedelplanen for oppvekst

Partar

Rapporten blir lagt fram for drøfting i kommunestyret i samsvar med opplæringslova.

Risiko

Det er identifisert aktuelle utviklingsområde og utfordringsbilete for tenesteområde skule i rapporten.

Kommunedirektøren si tilråding

Tilstandsrapport for grunnskulen i Alver kommune 2024 blir tatt til orientering.

Vedlegg

- 1 Tilstandsrapport for grunnskolen - 2024